

Tysdag 28. Februar 2023

## Styremøte i Sogn og Fjordane Ungdomslag

Møtestad: Førde

Desse møtte: Hildegunn Risnes Gjelsvik, Inge Masdal, Olaf Skjerdal, Jorunn Sundal, Knut Bøyum, Ida Söderstrøm

Skrivar: Ida Söderstrøm

Saker:

1. Godkjenning av referat frå førre møte
2. Årsmøte 19. Mars
3. Utdeling av aktivitetsprisen i inneverande eller føregåande år?
4. Idémøte mellom HUL og SOFUL
5. Valnemd til Studieforbundet kultur og tradisjon Vestland
6. Ymse

### **1. Godkjenning av referat frå førre møte**

Referat vart sendt på e-post til styret i forkant av møte og vart munnleg godkjent på møte i dag.

### **2. Årsmøte 19. Mars**

Styret i SOFUL tykkjer det er ekstra kjekt at Magni, generalsekretær i Noregs Ungdomslag kjem på årsmøtet.

I fyrste innkalling til årsmøte sette SOFUL frist for innsending av saker frå lokallag til 24. februar. Det er ikkje kome inn nokon forslag til saker.

Valnemd har tatt fatt på arbeidet med å få fram forslag til styre i SOFUL for 2023

### **FORDELING AV ANSVAR OG OPPGÅVER I FORKANT OG UNDER ÅRSMØTET**

Hildegunn:

- Får annonsert årsmøtet i Firda
- Bestiller blomar til ordstyrar og eventuelle representantar som går ut av styret
- Delar ut aktivitetsprisen, samt lagar til diplom og gåve

Jorunn:

- Ynskjer å spørje Arve Hornnes om han kan vere ordstyrar
- Avklarar om Førde UL serverer mat på årsmøte eller om vi skal bestille ein annan stad
- Svarar på eventuelle spørsmål knytt til SOFUL sitt årsrekneskap for 2022

- Forhøyrer seg med Førde UL om dei kan ha eit underhaldningsinnslag

Christoffer:

- Skriv årsmelding for SOFUL og HIB
- Svarar på eventuelle spørsmål kring HIB sin årsrekneskap

Ida:

- Skriv endeleg sakliste og sender den ut i lag med invitasjon til alle lokallaga via Hypersys
- Publisering av årsmøte på Facebook og SOFUL si heimeside
- Sender så fort som råd er mail med årsmeldingar frå lokallaga for 2021 samt protokoll frå førre årsmøte til styret
- Spør NU-kontoret om å få tilsendt brosjyrar om Sommarleir som ein kan dele ut på årsmøte
- Skriv arbeidsprogram for 2023
- Publisering i SoMe etter årsmøte; val, vinnar av aktivitetpris med meir

Alle:

- Gjennomlesing og rangering av innkomne årsmeldingar frå lokallaga for 2021
- Vi møtast klokka 12:00, ein time før årsmøtet
- Eit kort styremøte etter årsmøte for å konstituere styret etter valet

### **3.Utdeling av aktivitetsprisen i inneverande eller føregående år?**

Aktivitetsprisen for 2021 vart ikkje utdelt på førre årsmøte grunna lågt tal på innsendte årsmeldingar frå lokallaga. Styret ynskjer å dele ut denne prisen for å fylgje tradisjonen og gjere stas på det lokallaget som vinn flest poeng frå "juryen". Val av pris vert gjennomført ved at kvar einskild i styret les og rangerer årsmeldingane. I forkant av årsmøte samlast styret for gjennomgang og val av prisvinnar.

Styret ynskjer at aktivitetsprisar i åra frametter vert utdelte på hausten i plassen for på årsmøte. Begrunning for endringa er at ein ynskjer å ha betre tid på vurderinga, men også at så mange lokallag som mogleg sender inn årsmelding. Somme lokallag har gjerne sine årsmøte tett på SOFUL sitt, kanskje også etterkant. Inge føreslår at ein med utdeling på hausten kan vitja prisvinnande lokallag ved utdelinga.

### **4. Idémøte mellom Hordaland Ungdomslag (HUL) og SOFUL**

På førre møte vart styret informert om at HUL og SOFUL har fått 75 000.- frå Vestland fylkeskommune til styrking av samarbeid mellom lokallaga og fylkeslaga i Vestland.

Torsdag 2. februar vart det halde eit digitalt møte der ein drøfta "vegen vidare" og vi kom fram til at det kan vere nyttig å ha eit felles idémøte . Førebels er det satt ein dato for møte 7.mai. Christoffer Knagenhjelm som har vore deltakande i samarbeidet frå starten, og generalsekretær i Noregs Ungdomslag Magni Hjertnes Flyum vil vere med på møtet.

Etter møtet i dag er det ikkje heilt klart kor mange som kan delta 7.mai. Ida melder førebels attende til HUL at styret stiller med to representantar og sekretær. Styret føreslår Lavik Hotell som møttestad.

### **5.Valnemd til Studieforbundet kultur og tradisjon Vestland (SKTV)**

Det nærmar seg tid for årsmøte i Studieforbundet for kultur og tradisjon Vestland som er 19.april. I den forbindelse må NUL og SOFUL einast om ein representant til valnemda. Valnemda skal bestå av totalt tre personar og då ein fra desse tre; Husflidslaga i Vestland, Ungdomslaga i Vestland og Seniordans i Vestland.

Styret i SOFUL vil fyrst forhøyre seg med HUL om dei har forslag til kandidat. Ida tar kontakt med HUL og oppdaterer styret i SOFUL på mail.

## **6.Ymse**

1. Nyleg er det starta opp bunadskurs i Førde i SOFUL sin regi. Hildegunn tykkjer det kan vere bra å halde fram med nye kurs når pågåande kurs er ferdigstilt.
2. Pengestøtte frå SOFUL til lokallag som ynskjer å sende unge medlemmar i laget på arrangement. SOFUL har gjort dette tidlegare og då retta mot ungdom som deltek på Osafestivalen/UngOsa. Samtlege i styret er einige i at det er bra å støtte lokallaga frå fylkesleddet. Knut spør kordan vi skal løyse det i høve avsette midlar i budsjettet til denne type tildeling-skal ein tildele etter fyrstemann til mølla-prinsippet eller vurdere søknadar og tildele soleis? Ida føreslår at SOFUL vurderer viktigheita av å fyrst tenkja på å tildele midlar til lokallag som vil sende ungdom på Sommarleir eller Ungt Demokrati sidan det er i Noregs Ungdomslag sin regi. Dette vert ei sak på neste styremøte. Jorunn undersøker om det er rom i budsjett til å tildele midlar i år.

Neste styremøte vert 31.mars klokka 11.00 på Førdehuset